

Ei framtid for Førdefjorden utan sjødeponi

Innhald

Om selskapet Nordic Mining,
drift og økonomi

Kva skal Nordic Mining
vinne ut?

Kva er Tio₂/Rutil?

Vil forureininga vare? Kva meiner
Miljødirektoratet?

Andre miljøulemper og usikre punkt

Uvisse om arbeidsplassar

Kva kan Naustdal kommune
forvente av inntekter?

Gruvedrift utan sjødeponi

Oppsummering og vegen vidare

Hefet er utarbeidd av:





Åsmund Berthelsen (SV), Eliane Wergeland (MDG), Magnhild Runde (V) og Dagmar Falkenstein (R)

Miljøpartiet De Grønne, Venstre, Raudt og Sosialistisk Venstreparti i Naustdal ynskjer å sikre Førdefjoren for framtidige generasjonar og går mot sjødeponi. Det er ikkje for seint å snu.

Oppretting av eit sjødeponi i Førdefjorden vil vere der for all framtid og ha store miljøkonsekvensar for samfunn og livet i fjorden for komande generasjonar. Vi vil med dette notatet få belyst kvifor vi meiner deponiet aldri må opprettast. Vi meiner at det var ei feil avgjerd der uvissa om konsekvensane av deponering av avfallsmassar frå gruvedrift ikkje tek omsyn til føre var prisippet ved slike miljøkonsekvensar.

Om selskapet Nordic Mining, drift og økonomi

Nordic Mining inngjekk i 2006 ei avtale om å kjøpte rettane til mineralforekomsten på Engebø av Conoco Phillips. Selskapet har engasjert seg i leiting etter mineral fleire stader, men ingen av prosjekta har kome i gang. I Gudvangen var dei med på utvinning av mineralet, men selde seg ut med tap. (Lenkje 1)

Dotterselskapet, Nordic Rutile AS, selskapet som har fått utsleppsløyva, har pr. i dag ingen tilsette. Dette selskapet vart stifta 14.12. 2006 og vart 2. juni 2015 presentert i Firda som eit selskap som skal etablerast og byggast opp i Naustdal, men det har framleis adresse i Oslo. (Lenkje 2)

Nordic Mining ASA har i dag aksjar (25,04%) i det finske gruveselskapet Keliber Oy som utvinn lithium (Lenkje 3), og eig rettane til Kvinnherad Kvarter, ser etter bl.a. kopar, nikkel og gull i Troms og Finnmark og ynskjer å bli pionerar innan undervassgruver. (Lenkje 4)

Nordic Mining hadde eit underskot i andre kvartal 2015 på fire millionar. Året før var det på 10 millionar. Om ikkje selskapet skaffar seg inntekter/kapital vil det ved utgangen av året ikkje ha likvide midlar. Samstundes med desse opplysningane vart det sendt ut melding om at Nordic Mining hadde bede Swedbank vurdere "selskapets strategiske og finansielle alternativer". Selskapet vil "utforske ulike alternativer med sikte på å utløse verdiene av selskapets underliggende eidelere til fordel for våre aksjonærer" seier finansdirektøren i Nordic Mining Lars K. Grøndahl. (TDN Finans Publisert: 14.08.2015 — 08:51 Oppdatert: 14.08.2015 — 09:03)

Trass låge prisar på TiO₂ meiner Nordic Mining at etterspørselen i Europa er stor nok til å tene på gruve i Engebø. (Lenkje 5)

Pr. i dag har selskapet korkje kapital eller kompetanse til å sette i gang med gruvedrift. For å starte opp må dei ha løyve og ein bergteknisk ansvarleg som "skal ha eksamen på nivå med master of technology og med spesialisering innenfor drift på mineralske ressurser". Den bergteknisk ansvarlege må altså godkjennast før dei kan setje i gong.

Nordic Mining må ha inn andre, store interessentar for å kome i gang, både for å finansiere prosjektet og for å kunne drive produksjonen.

I 2012 utarbeidde forskarar ei sektoranalyse for mineralnæring for Nærings- og handelsdeparte-

mentet. Denne rapporten karakteriserer sivil- og sosialøkonom Erik S. Reinert på denne måten:

Mot all erfaring og sunn fornuft tar sektoranalysens tabell for verdiskaping utgangspunkt i skyhøye metallpriser fra 2011, som man forventer skal holde seg like høyre frem til år 2050! Prisen på kobber, som er viktig for en annen truet fjord - Repparfjorden - lå i 2011 hele fire-fem ganger høyere enn normalprisen. Denne typen usikkerhet tar rapporten ingen høyde for. (Klassekampen 29.4.2015)

Fleire har sett dette:

Siden Nordic Mining ikke er et virkelig gruveselskap, men et virtuelt, kan det - som et alternativ til utslag - bare drive gruvene ved å kjøpe inn den operative gruvekompetansen fra andre selskaper i et globalt marked. Men med sin manglende gruvekompetanse basert på erfaring må selskapet også kjøpe inn den kompetansen som er nødvendig for å vurdere de innkomne «tilbudene» i konkurransen om å bli operatør. Gruvedriftens lokale forankring kan bli en ren illusjon. Operatørens forståelse av de økologiske prosessene i fjordsystemet som skal fylles opp med avfall, kan bli helt tilfeldig. Selskapets hovedkontor vil ikke ligge i Naustdal, men i Oslo. Og ingen vet hvor selskaps-skatten vil havne.

(Hans Ebbing, Bergens Tidene; Publisert: 24.nov. 2014 07:29 Oppdatert: 24.nov. 2014 07:29")

Kva skal Nordic Mining vinne ut?

I Engebøfjellet er det påvist ein rutilforekomst referert til i ulike rapportar frå 250 – 400 millionar tonn malm. Av dette er det ca. 3,5% Rutil/Tio₂, som utgjer ca 15 millionar tonn Tio₂/Rutil. Over 50 år utgjer dette 280 000 tonn rutil/Tio₂ årleg. Nokre rapportar peikar på 200 000 tonn som utvinnbart Tio₂ pr år. Omsetningsverdi med dagens pris på Tio₂ på 770 dollar er dette 215 millionar dollar i omsetningsverdi.

Årleg omsett mengde rutil Tio₂ på verdsbasis var i 2014: 770.000 tonn. Kor Australia står for 40 % av produksjonen. Det er i dag overkapasitet på verdsmarknaden for dette stoffet då det har bygd seg opp lager og prisane har gått ned. Den globale produksjonen steig med over 50 % frå 2005 til 2008 og seinare har Kina fått i gang eiga utvinning på kort tid som har gjort at prisane held seg låge. Det er ikkje venta auke i prisane på rutil/Tio₂ før i 2017, då med forventta konsolidering i produksjonen. Huntsman som er stor aktør i Europa har nett meldt stenging av ei utvinning i Frankrike. Huntsman som er

stor aktør i Europa har nett meldt stenging av ei utvinning i Frankrike.

Kva er Tio₂/Rutil

Selskapet Nordic Mining framstiller rutilen i Engebøfjellet som ein unik forekomst. SINTEF-rapporten går gjennom denne forekomsten og ser på Sunnfjord som interessant, men med betydeleg risiko. Når prosjektet til NM vert omtalt globalt så vert det referert til som «according to the company the largest, high quality» etc. Rutil finst i alle typar bergartar og sand globalt. Det er interessant å utvinne den når den er over ein viss prosent. I Engebø kom Dupont fram til at det var ca 3,5% og kanskje litt høgare i noko av berget. Til samanlikning er det ein minst like stor forekomst i Colorado, USA, med 11,5% rutil som ikkje er funne kommersielt drivverdige endå. I Titania gruve i Sokndal er tettleiken på om lag 12% (lenkje 17)

I rutil er det alltid 93-96% Tio₂. Dvs. at over alt kor ein finn rutil vil ein kunne utvinne Tio₂. Australia produserer i dag 40% av all rutil som er utvunnen på verdsbasis. Når det gjeld Tio₂ så finst dette stoffet i ei rekke andre bergartar. 90% av all Tio₂ som vert utvunnen går til pigment.

Berre 10% til andre formål.

Rutilen på Engebø vil tilføre 4% av verdsbehovet for Tio₂ om den kjem i drift og 20% av rutilproduksjonen på verdsbasis. Veksten i marknaden er under 3%. Slik marknaden og prognosene tilseier så vil prosjektet på Engebø bidra til forverring av etterspørsel og behov, som bidreg til låge prisar og overproduksjon.

Særleg i Europa vert fabrikkane fasa ut anten pga gamalt utstyr, eller kapasiteten vert redusert pga låge prisar. Huntsman som er stor i Europa har nett meldt stenging av ei utvinning i Frankrike. Både i Tyskland og England vert kapasiteten på foredling av Tio₂ redusert. (Lenkje 18, 19 og 20)

Prisutvikling

I SINTEF-rapporten er det rekna med prisar på ca 1400 dollar. Prisane på verdsmarknaden held seg låge og er per august 2015 på 800 \$ pr. tonn rutil. Dvs. at inntektene til drifta referert til på side 9 i SINTEF rapporten kan halverast. Meir om prissituasjonen kan ein lese om i sak frå australske media i juni i 2015.¹

¹ <http://www.smh.com.au/business/mining-and-resources/commodity-price-woes-weigh-on-australian-miners-20150716-gidg2h.html>

Vil forureininga vare? Kva meiner Miljødirektoratet?

Når deponiet først ligg der vil det for alltid sleppe ut den forureininga som ligg i deponiet. På Miljødirektoratet sine egne sider kan vi lese at «Det er risiko for at Førdefjorden som økosystem forringes i vesentlig grad.» Andre fakta frå miljødirektoratet er:

Bløtbunnsundersøkelsene som NIVA henviser til i den opprinnelige konsekvensutredningen viser imidlertid at Førdefjorden har et høyt artstall og mange individer. Sammenlignet med andre fjorder på Vestlandet, Gloppen, Høyangsfjorden, Bjørnafjorden, Lurefjorden og Hardangerfjorden, ligger Førdefjorden spesielt høyt (...) Dette er en indikasjon på gode produksjonsforhold

Det er ingen studier på fisk som kan dokumentere hva som har skjedd etter at tilsvarende deponier er avsluttet. Dette er en stor mangel. Men fiskere har hevdet at fisken forsvinner fra områdene under deponering, og at gyteområder legges brakk. (...) Snart 30 år etter endt deponering har ikke torsken vendt tilbake til det gamle gyteområdet innerst i Repparfjorden som er kjent fra gamle lokale fiskere.

Blålange er kategorisert som sterkt truet pga. overbeskatning på den norske rødlista (EN). Arten er overbeskattet over hele Nordøst-Atlanteren, og på grunn av dette er fisket stoppet. For å sikre en levedyktig bestand av arten både på arts- og populasjonsnivå er det regnet som avgjørende å ivareta gyte- og oppvekstområder for den truede arten.

(Ref. lenkje 6 og 7)

Erfaringar frå andre sjødeponi og kva seier dei som frarår?

Heile prosjektet legg opp til at alt skal gå feilfritt etter planen, og at ingen av entreprenørane eller arbeiderne feilvurderer.

Erfaring frå andre stadar, mellom anna Bøkfjorden, er at massane spreier seg heile sju kilometer meir enn rekna med, og at miljøet i fjorden no er klassifisert som «svært dårleg».

I Klima og Forurensingdirektoratet sin rapport ligg det føre høyringssvar til søknaden frå Nordic Mining.

Desse frårår sjødeponi: Forum for Natur og Friluftsliv, Naustdal Elveeigarlag, Førde Elveeigarlag,

Norges Fiskarlag og Sogn og Fjordane Fiskarlag, Florø Kommune, Havdyrkarane, Sivilingeniør Arne S. Nilsen, Bellona, Natur og ungdom, Naturvernforbundet og Havforskningsinstituttet. I ettertid har også Førde Kommune gått mot.

Arne S. Nilsen som arbeidde med eklogittprosjektet (rutil) på 90-talet, seier at det er auka behov for nedmåling av malmen utover det som er skildra i Nordic Mining sin søknad. Han påpeiker òg at prosessen med å skilje mineralet frå fjellet er ny og berre testa i småskalaforsøk i laboratorium.

Altså er det usikkerheit rundt sjølve grunnlaget for konsekvensutgreiinga og søknaden.

NINA-Rapporten frå 2009 seier om fisk:

Det største negative potensialet har utvilsomt sprengninger, ut fra omfang (potensielt daglig) og kjent skadelig potensial hos annen fisk (...) det empiriske grunnlaget er likevel utilstrekkelig til å fastslå om de negative påvirkningene fra sprengningene vil være ubetydlige eller ha en påvislig negativ effekt (NINA Rapporten 416, 2009). (Lenkje 8)

Kva er effektane av eit sjødeponi?

Eksisterende bunnfauna (dyr som lever nedgravd i, på- eller like over bunnen) i deponiområdet begraves og/eller forsvinner så lenge deponeringen pågår.

Dypvannsfisk i samme område vil også forsvinne som følge av at leveområde og mattilbudet forsvinner.

Eventuell økt partikkelkonsentrasjon i vannmassene vil kunne gi ulike typer effekter for vannlevende organismer (som fisk og filtrerende organismer) avhengig av partikkelkonsentrasjon og varighet mm. Dette vil igjen kunne ha betydning for fjordens økosystem, fiskeinteresser og oppdrettsnæringen (S: 39, Klif 2012).

Kva om utslipp eller om finpartiklar fra malm kommer på utsiden av deponiet?

Det er gjort få eller ingen utgreiingar – økonomiske eller miljømessige, på korleis ein skal renske og holde «fjorden ren», om dette skjer.

Andre miljølemper og usikre punkt:

- Støy og støv ved drift.
- Utslepp av vatn brukt i produksjonsprosessen?
- Deponering av gråberg, slam frå mineralutfelling
- Verknad på laksen, anna fisk og sjømat generelt er lite undersøkt.
- Landdeponi har ikkje vore utreda.

Uvisse om arbeidsplassar.

Hovudargumentet for Engebø-prosjektet er arbeidsplassar. Også Miljødirektoratet legg avgjerande vekt på dette når dei ut i frå ei samla vurdering tilrår sjødeponi. Alle vurderingar av potensiale for arbeidsplassar og verdiskaping bygger på selskapet Nordic Mining sine egne opplysningar. Samfunnsnyttan er ikkje utgreidd på same måten som andre konsekvensar av utbygginga.

Selskapet lovar 170 arbeidsplassar ved anlegga i Naustdal. Sogn og Fjordane Fylkeskommune (2007) meiner at det vil gje mellom 100 og 150 arbeidsplassar. Sintef har på oppdrag av Sunnfjord Næringsutvikling rekna ut at aktiviteten indirekte til gje 300 arbeidsplassar i tillegg, og at det vil gje ei verdiskaping på 530-570 millionar kroner (Gull, gråstein og grums - 2015).

Adm.dir i Nordic Mining går så langt som å snakke om at aktiviteten på Engebø samla kan gje heile 1000 arbeidsplassar, i nærområdet og landet elles.

Det er rekna med at aktivitetane på Engebø vil gje ei verdiskaping på 3,9 milliardar. Talet bygger på anslag på anleggskostnader, utvinningsgrad og framtidige prisar

Negative konsekvensane for næringsliv og annan aktivitet ved Førdefjorden er det ingen som har rekna på. 60 verksemdar som i dag er direkte eller indirekte avhengige av ein rein Førdefjord (sjømatnæringar og reiseliv) har protestert. «Desse verksemdene representerer samla sett både langt fleire arbeidsplassar og større økonomisk verdiskaping enn prognosane seier gruvedrifta vil gi» (Gull, gråstein og grums - 2015). Verksemdene har ei omsetning på 17 milliardar årleg. Ein liten verknad på grunn av omdømmetap vil representere same verdiskapinga som i Nordic Mining sine planar.

Kva om resultatet vert eit dårleg omdøme for både sjømatnæringa og reiselivet? Eit dårleg omdøme vil ikkje berre råke Førdefjorden. «Norge eksporterte sjømat for 67 milliardar kroner i 2014. Noen promilles varig reduksjon i dette beløpet kan bety tapt fortjeneste i samme størrelsesorden som verdien av gruvedriften ved Førdefjorden før miljøkostnadene er trukket fra» (Aftenposten 11.6.2015).

Kva kan Naustdal kommune forvente av inntekter?

Korkje lover eller skattereglar sikrar at kommunen får noko av verdiskapinga. Det er inga skattlegging av uttak, og det er inga avgift for å dumpe avfall i sjøen. For vasskraft er det lover og skatteregime som gjev kommunane del av verdiskapinga. Slik er det ikkje for utvinning av mineal.

Inkubatoravtale

Naustdal kommune har avtale med Nordic Mining (NM) og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFFK) om næringsinkubator: 30 millionar frå NM og 15 millionar over tre frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Pluss 15 millionar til som ikkje er realisert. Fylkeskommunen vurderer å trekke seg frå avtala. (Lenkje 9)

Avtale om vegutbetring

Avtale om vegutbygging Sæla-Engebø mellom NK, NOM

og SFFK på totalt 95mill: Desse midlane skal fordelast slik: 75% vidareføring av H1 standard frå Sæla mot Frammarsvik, so langt som mogeleg (ca Holmeset). 12,5% på møteplassar på heile strekinga, 12,5% på sikringstiltak og vedlikehald (heile strekinga). (Lenkje 10)

Utbedringen av veien gjøres i hovedsak for å hindre at fremkommeligheten blir dårligere enn i dag og for å sikre at tyngre kjøretøy som skal til anlegget i minst mulig grad skal behøve å rygge i forbindelse med møte av andre kjøretøy. Ut i fra dette antar vi at de som er bosatt i området ikke vil oppleve dette som en generell heving av vegstandard. Vi forventer derfor ikke at omleggingen og utbedringen av vegen vil medføre en betydelig økning i fremkommelighet og dermed en samfunnsøkonomisk nytteeffekt av betydning på den aktuelle vegtraseen. (Lenkje 11)

Eigedomsskatt

Erfaringstal viser at eigedomsskattenivået på liknande tiltak i Noreg ligg i størrelsesorden 0,5mill. Kva inntekter dette kan generere i Naustdal avheng av fleire faktorar, botnlinja til selskapet, utrekningsgrunnlag, reglement for eigedomsskatt frå denne type industriverksemd. Naustdal har rekna med 10 mill årleg i eigedomsskatt, rekna utifrå «investeringskost». Dette er feil. Her skal «anteke avhendingsverdi ved fritt sal» nyttast. Regjeringa har ute

forslag til nytt reglement for eiedomsskattlegging av verk og bruk, som kan medføre fjerning av grunnlaget for eiedomsskatt av slike industrianlegg (og maskiner). (lenkje 12, lenkje 21 og lenkje 22)

Samfunnsøkonomisk nytte

For di det er svært lav arbeidsledighet i Norge forventes det at norsk arbeidskraft ellers i stor grad ville ha blitt sysselsatt i andre prosjekter. Dersom prosjektet sysselsetter arbeidstakere fra land med høy ledighet er dette selvfølgelig positivt. I en samfunnsøkonomisk analyse for Norge vil dette imidlertid være av mindre betydning. Etter vår vurdering forventes det derfor ikke at sysselsettingen tilknyttet gruveprosjektet vil bidra til en betydelig økt samfunnsøkonomisk lønnsomhet i Norge, med det ledighetsnivået vi har i dag. (Lenkje 13)

Gruvedrift utan sjødeponi

Det er alternativ til fjorddeponi. I mange land med gruvedrift har ein begynt å nytte seg av ulike løysingar for handtering av restmassar.

Australia, Canada og California jobbar aktivt for at ein skal nytte seg av tilbakefylling av gråberg og avgangsmasse, for å redusere avfallet og fotavtrykk.

Regjeringa i India har sett seg ressursøkonomiske og miljømessige mål om at Indias gruver ikkje skal ha avfall (Zero waste mining). Alt som vert tatt ut av gruvene skal bli brukt, resten skal tilbakefyllast.

Gruvekonsesjonar vert tildelt ut frå kor langt selskapa går i retning null-utslepp. (lenkje 14)

EU gjekk i 2013 inn for å jobbe for null-utsleppsgruver og konsekvent bruk av underjorddrift. EU vil òg sjå på gruveavfallet som ein ressurs, som ein kan nytte seg av gjennom å bruke det til andre formål eller tilbakefylling med tanke på seinare bruk. (lenkje 15)

Nokre land nyttar seg av avgift på gruveavfallet, slik at det vil vere lønsamt for gruveselskapa å sjå på alternativ bruk av overskotsmassane.

Nokre argument for tilbakefylling:

1. Større ressursuttak og lengre liv for gruva
2. Mindre arealbruk for gruve og deponi
3. Betre og rimelegare miljøtiltak og rehabilitering
4. Mindre kostnadar ved avslutning av gruva
5. Færre samfunnskonfliktar og betre omdøme (M.G. Dorricott & A.G. Grice)

Canada Mining Innovation Council (CMIC) gjer store framsteg innanfor Null-avfalls-gruvedrift. Dei forskar på å minske bruken av ferskvatn og areal brukt i produksjonen, i tillegg til å komme opp med nye, innovative måtar å nytte restmassane på. Om ein verkeleg ville investere og skape vekst burde ein vente til ei slik forskning

ligg klar, eller nytte det ein allereie veit og ikkje gå for det billegaste alternativet på kostnad av andre ressursar og arbeidsplassar. (Lenkje 16)

Oppsummering og vegen vidare

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har godkjendt reguleringsplanen. Klima- og miljødepartementet har gjeve utsleppsløyve for 11 tonn gruveavfall iblanda kjemikalier kvart minutt i 50 år. Nordic Mining opplyser at dei skal bruke dei neste åra (4?) til planlegging.

Er det mogleg å få endra planane og hindre sjødeponiet? Så lenge ikkje arbeidet er i gang og tiltak er gjort er det mogleg. Eit nytt fleirtal i Naustdal kommunestyre kan påverke det som skal skje framover. Selskapet manglar framleis ein del løyve, og dei treng mellom anna produksjonsvatn. Eit anna fleirtal i Naustdal kommunestyre vil stille spørsmål, uttrykke meiningane sine og hente fram alternativ informasjon med det mål å få ei best mogleg avtale for innbygarane i regionen. Det er heilt naudsynt å stille spørsmål og krav i det vidare for at Naustdals-samfunnet skal få ein del av verdiskapinga.

Kjelder:

Lund, Svein (2015). Gull, gråstein og grums (Davvi Girji 2015)

Aftenposten 11.6.2015: Ved Førdefjorden har Miljødirektoratet godtatt den billigste deponiløsningen. Mads Greker (forskningsleiar SSB) og Michael Olaf Hoel (professor Økonomisk institutt) Klassekampen - 29.4.2015

TDN Finans, Publisert: 14.08.2015 — 08:51 Oppdatert: 14.08.2015 — 09:03

Om tabell for verdiskaping: Hans Ebbing, Bergens Tidene; Publisert: 24.nov. 2014 07:29 Oppdatert: 24.nov. 2014 07:29

Omdømmekostnader: Aftenposten 11.6.2015

Lenkje 1: Nordic Mining opprettar selskap i Naustdal. Firda. <http://www.firda.no/miljo/naustdal/gruveprosjekt/nordic-mining-opprettar-selskap-i-naustdal/s/5-15-67432#reloaded>

Lenkje 2: Rapportar frå Nordic Mining, <http://www.nordicmining.com/engebo-reports-2014/category328.html>

Lenkje 3: Keliber Oy, http://keliber.fi/useruploads/files/keliber_oy_presentation_pdac_2015.pdf

Lenkje 4: Nordic Mining Nyhetsarkiv, <http://www.nordicmining.com/nyhetsarkiv-ooax-vis-nyhet/category293.html?itemId=426009>

Lenkje 5: <http://www.indmin.com/SearchResultsElastic.aspx#?term=Tio2%20price&filters=%7B%22categories%22:%5B%22Titanium%20Dioxide%22%5D%7D>

Lenkje 6: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/Nyhetsarkiv/2012/3/Engebofjell-ikke-godt-nok-utredet/>

Lenkje 7: http://www.miljodirektoratet.no/Documents/Nyhetsdokumenter/nordicmining_engebofjellet_anbefaling130215.pdf

Lenkje 8: http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMSF/Plan%20og%20bygg/Arealforvaltning/Klifs_anbefaling_til_MD_-_Engeb%C3%B8_ZSsxp.pdf?epslanguage=nn

Lenkje 9: http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_naustdal/wfdocument.aspx?journalpostid=2011001684&dokid=23567&versjon=1&variant=A&

Lenkje 10: http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_naustdal/wfdocument.aspx?journalpostid=2015003225&dokid=61696&versjon=1&variant=A

Lenkje 11: http://www.miljodirektoratet.no/Documents/Nyhetsdokumenter/nordicmining_engebofjellet_anbefaling130215.pdf

lenkje 12: https://www.regjeringen.no/contentassets/082c8b9ba6e043cdaf22b8f9aef178f0/12_388_hwh_horingsnotat-om-eiendomsskatt.pdf

Lenkje 13: http://www.miljodirektoratet.no/Documents/Nyhetsdokumenter/nordicmining_engebofjellet_anbefaling130215.pdf

lenkje 14: <http://www.fedmin.com/upload/nmp08.pdf>

lenkje 15: http://ec.europa.eu/growth/tools-databases/newsroom/cf/itemdetail.cfm?item_id=8273&lang=en&tpa_id=1040&title=Final-Report%3A-MinVENTORY---EU-raw-materials-statistics-on-resources-and-reserves

Lenkje 16: http://www.parl.gc.ca/Content/HOC/Committee/412/FINA/WebDoc/WD6615327/412_FINA_PBC2014_Briefs%5CCanadaMiningInnovationCouncil-e.pdf

lenkje 17: http://www.ngu.no/upload/Publikasjoner/Rapporter/2012/2012_048.pdf

lenkje 18: <http://www.indmin.com/>

lenkje 19: <http://minerals.usgs.gov/minerals/>

lenkje 20: <https://www.mines.edu/>

lenkje 21: <http://www.highnorthnews.com/siste-rana-gruber-vant-saken-mot-rana-kommune/>

lenkje 22: <http://www.highnorthnews.com/siste-rana-gruber-vant-saken-mot-rana-kommune/>

Fjorddeponiet må hindrast

Det er risiko for at Førdefjorden som økosystem vert forringa i vesentleg grad

Førdefjorden har eit høgt artstall og mange individ

Snart 30 år etter avslutta deponering har ikkje torsken vendt tilbake til det gamle gyteområdet innerst i Repparfjorden

I Bøkfjorden har massane spreidd seg heile sju kilometer meir enn rekna med

Blålange er kategorisert som sterkt truga pga. overbeskatning på den norske rødlista

Prosesen med å skilje mineralet frå fjellet er ny og berre testa i småskalaforsøk i laboratorium

Det største negative potensialet på fisk har utvilsomt sprengningar

Bunnfaunaen forsvinn

Djupvassfisk vil forsvinne

Auka partikkelkonsentrasjon i vannmassene vil kunne ha betydning for økosystemet, fiskeinteresser og oppdrettsnæringa

Omdømmetap for eksisterande næringar vil representere same verdiskapinga som i Nordic Mining sine planar.

Fylkeskommunen vurderer å trekke seg frå inkubatoravtala.

Vegen langs fjorden vil ikkje opplevast som ei generell standardheving

Kommunen kan tape inntekter frå eigedomsskatt om nytt reglement vert vedteken (forslag er ute på høyring)

Prosjektet vil ikkje bidra til ein betydeleg auke i samfunnsøkonomisk lønnsemd

Andre land går føre med politikk av typen "Zero waste mining"

EU gjekk i 2013 inn for å jobbe for null-utsleppsgruver og konsekvent bruk av underjorddrift

Nokre land nyttar seg av avgift på gruveavfallet, slik at det vil vere lønsamt for gruveselskapa å sjå på alternativ bruk av overskotsmassane.

Canada Mining Innovation Council gjer store framsteg innanfor Null-avfalls-gruvedrift

Raudt, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Venstre er dei einaste partia som stiller til val med eit klart standpunkt om å bevare fjorden rein.

Sei kva du meiner om fjorddeponiet når du gjev di stemme.